




KOMMUNEPLAN FOR SKJÅK 2020-2030 AREALDEL

PLANOMTALE

Versjon 21.04.2020



1. Innhold


1.	INNLEIING.....	4
1.1	FORMÅL MED PLANEN.....	4
2.	RAMER OG RETNINGSLINER FOR PLANARBEIDET	5
2.1	KOMMUNEPLAN FOR SKJÅK – SAMFUNNSDELEN	5
2.2	NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR OG RETNINGSLINER.....	7
3.	PLANPROSESS.....	9
3.1	MEDVERKNAD OG BEHANDLING.....	9
4.	REVIDERT PLAN – ENDRINGAR OG NY AREALBRUK.....	11
4.1	Område for ny arealbruk og vidareføring av ubygde område frå 2011.....	12
5.	AREALBRUKSFORMÅL.....	13
5.1	BYGGJEOMRÅDE OG ANLEGG (PBL § 11-7 NR. 1)	13
5.1.1	Bustadbygnad.....	13
5.1.2	Fritidsbygnad.....	15
5.1.3	Kombinert byggeområde for fritidsbustadar og bustadar.....	17
5.1.3	Sentrumsformål.....	17
5.1.4	Forretning.....	17
5.1.5	Offentleg eller privat tenesteyting.....	17
5.1.6	Fritids og turistformål.....	17
5.1.7	Område for råstoffutvinning.....	18
5.1.8	Næringsbygnad.....	19
5.1.9	Andre typar bygnad og anlegg.....	20
5.1.10	Kombinert bygnad og anlegg.....	21
5.2	SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 11-7 nr. 2).....	22
5.3	GRØNSTRUKTUR (PBL 11-7 NR 3).....	23
5.4	LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER SAMT REINDRIFT – LNFR (PBL § 11-7 NR. 5).	23
5.4.1	LNFR basert på gardens ressursgrunnlag (PBL § 11-7, nr. 5a).....	23
5.4.2	LNFR for spreidd bustadbygnad (PBL § 11-7, nr. 5b).....	23
5.4.2	LNFR for spreidd bustadbygnad (PBL § 11-7, nr. 5b).....	23
5.5	BRUK OG VERN AV VASSDRAG (PBL 11-7, NR. 6).....	23
6.	OMSYNSSONER. (PBL § 11-8).....	24
6.1	SIKRINGSSONER (H120).....	24
6.2	STØYSSONER (H220 og H290).....	24
6.3	FARESONER.....	24
6.3.1	Faresone skred (H310)	24
6.3.2	Faresone flaum (H320).....	25

6.3.3 Faresone skytebane (H360)	25
6.3.4 Faresone høgspenningsanlegg (H370).	25
6.3.5 Områder med særlege omsyn (H510, H530, H550, H560, H570 og H580).....	25
6.3.6 Bandlagte områder (PBL § 11-8 d).....	26
7. ENDRINGAR AV PLANFØRESEGNENE.....	27
8. VURDERING AV VERKNADANE AV PLANEN.	29
8.1 Konsekvensutgreiing.....	29
8.2 Analyse av risiko- og sårbarheit (ROS)	29

1. INNLEIING.

Etter Plan- og bygningslovas (PBL) § 4-1 skal det for kommuneplanar utarbeidast ei planomtale som omtaler formål for planen, hovudinnhald og verknader, samt forhold til rammer og retningsliner som gjeld for området. Planomtala må vise planens forhold til andre planer som gjeld for området og det skal vera ein samanheng i plansystemet. Det er særleg viktig at det blir klargjort om planen er i samsvar med gjeldane overordna planer eller om den nye planen medfører endringar.

Planomtala skal inngå i planforlaget når dette blir sendt ut på høyring. Omtala skal vera så fyldig og presis at det er mogleg å få eit dekkande bilde av omsyna bak planen. Den skal også vise kva planen vil medføre for råka parter, interesser og omsyn.



1.1 FORMÅL MED PLANEN.

Kommuneplanen er den overordna og langsiktige planen i kommunens plansystem, som skal sjå kommunens oppgåver og ansvarsområde i samanheng. Den skal gje føringar for kvar kommunen skal sette inn ressursar i form av arbeidskraft og økonomi, kva for tenester kommunen skal tilby innbyggjarane og nivået på desse tenestene. Den skal vidare vise bruk og vern av areal.

Samfunnsdelen av kommuneplanen fortel om mål og utfordringar kommunen står ovafor.

Arealdelen fortel gjennom kart korleis ein skal gjera arealinngrep for å nå måla, og kva for areal som skal nyttast som i dag.

Kommuneplanen skal være et reiskap for dei folkevalde, som skal gje grunnlag for styring av utviklinga også over eit lengre tidsperspektiv. Den skal fastlegge ramar for detaljplanlegginga og for enkeltvedtak.

Kommuneplanen skal gje innbyggjarane, næringsliv og organisasjonar moglegheit for medverknad i kommunens prioriteringar og dermed moglegheit til å påverke utviklinga i kommunen.

Sjølv om karta i kommuneplanen er teikna digitalt og kan forstørast, er det viktig å lese planen som ein grovmaska plan for kommunens samla areal og ramar for den vidare utviklinga.

For store områder i kommunen vil arealdelen vera det einaste overordna planverktøyet, og i nokre tilfelle vil det heller ikkje være krav om reguleringsplanar før søknad og gjennomføring av tiltak. For slike områder er det utarbeidt konkrete og meir detaljerte føresegner, i tillegg til det meir nøyaktige arealplankartet. Dagens digitale planverktøy gjev gode moglegheiter her.

Arealdelen av kommuneplanen vil:

- Gje viktige ramar for samfunnsutvikling
- Gje føringar for framtidige revideringar av kommunedelplanar
- Gje føringar der ein på bakgrunn av arealdelen utarbeider reguleringsplaner
- Gje føringar der ein på bakgrunn av arealdelen behandler byggjesøknader
- Gje moglegheiter for langsiktige vurderingar av arealbruk
- Vera eit reiskap for forvaltning av areal inn mot verna områder
- Sikre vern av naturområde, kulturminner og produktive jordbruksareal
- Sikre at prinsippa om universell utforming blir ivaretake i nybygg, renovering av bygg, uteareal, transport og reiseliv.

2. RAMER OG RETNINGSLINER FOR PLANARBEIDET.

2.1 KOMMUNEPLAN FOR SKJÅK – SAMFUNNSDELEN.

Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2028 «Innovasjon og tradisjon», vart vedteken av kommunestyret 22.02.2018. Denne vil vere førande for arbeidet med kommuneplanens arealdel.

I planen er det laga tre tenkte utviklingsbilde for Skjåk i planperioden:

- Pessimistisk bilde: Folketalet går ned fram mot 2028 - til under 2000 innbyggjarar. Sentralisering av arbeidsplassar held fram og det skjer ei kontinuerleg omstilling i landbruket med reduksjon av bruk og talet på arbeidsplassar. Unge flyttar ut og andelen eldre aukar.
- Nøkternt bide: I 2028 bur det 2200 innbyggjarar i Skjåk. Kommunen har mange som har flytta heim att etter fleire år borte grunna utdanning og arbeid. Næringslivet har fått ei oppblomstring. Vegbygging med nye tunellar mot Vestlandet, har medført auka næringssamarbeid med Vestlandet, auka tilstrømming av turistar og auka hyttebygging.
- Optimistisk bilde: Innbyggjartalet i Skjåk har auka til 2400 innbyggjarar på nivå med folketalet i 2004. Næringsliv og reiseliv blomstrar og landbruket har halde stand og det er auka etterspurnad etter stuttreist mat og høgfjellsprodukt. Vegbygging med nye tunellar mot Vestlandet, har gjort at næringssamarbeid med Vestlandet har auka monaleg.

Ein skriv i planen at faren er at det pessimistiske bildet er realistisk, men det må jobbast mot det optimistiske. I arbeidet med kommuneplanens arealdel har det vore ei målsetting å følgje opp denne målsettinga. Ved utgangen av 3. kvartal 2019 budde det 2213 innbyggjarar i Skjåk.

I handlingsplanen til samfunnssdelen er det især dette ein har merkt seg som viktige føringar i arbeidet med kommuneplanens arealdel:

- Kommunen skal vere klimanøytral innan 2025.
- Skjåk skal vere ein trygg og sikker kommune og skal både førebygge og vere budd på ulykker og katastrofar.
- Skjåk skal satse på auka grøn og berekraftig verdiskaping basert på naturgjevne fortrinn.
- Kommunen skal forvalte areala i kommunen slik at fornyingsevnene til naturmiljø og ressursar saman med naturens estetiske kvalitetar, blir haldne ved like på eit høgt nivå. Dette inneber m.a. at mangfaldet av økosystem som finst innanfor kommunen skal bli teke vare på.
- Ta vare på verdifulle naturområde og god byggjeskikk ved bygging av fritidshus.
- Utvikle utmarkspolitikk som forlikjer bruk og vern, for på den måten å opne for og føre vidare varsam næringsutvikling i utmarksområde (hyttebygging, jakt og fiske, beite, hogst, rafting, naturopplevingar, rekreasjon, naturvitenskapleg studieverksemd mv.).
- Barn og unge skal ha eit godt oppvekstmiljø.
- Planlegge for fortetting og meir effektiv arealbruk i sentrum.
- Kommunen skal vere pådrivar for å få Statens Vegvesen til å prioritere utbygging av gang- og sykkelveg Bismo-Dønfoss og strekninga frå Vollungsbru til Lom grense.
- Kommunen skal vere aktiv pådrivar for nye tunellar på RV15 i Breidalen og generell standardheving på RV15 gjennom kommunen.
- Kommunen skal ha byggjeklare tomter i Aurmo, Bismo og Dønfoss/Uppnose.
- Kommunen skal leggje til rette for spreidd busetting der det ikkje kjem i konflikt med andre interesser, miljø og klimakrav.
- Kommunen skal tilbod om større tomter utafor sentrum for dei som ønskjer det.
- Skjåk skal satse på nye hyttefelt/hytteområder.
- Kommunen skal opne for høgstandard hytteområde i Skjåk Almenning i Billingsdalen, ved Dønfoss og i Aurmo. Andre stadar kan det aksepteraast mindre hyttefelt basert på ein enkel standard.
- Kommunen skal arbeide for å styre ferdsel ut frå hytteområda slik at ein unngår konflikt med villrein.
- Gjennom arealplanen sørge for at kommunen til ein kvar tid har ledig og ferdigregulert industriareal.

2.2 NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR OG RETNINGSLINER

Nasjonale og regionale forventningar, retningsliner og planar for arealbruk skal leggjast til grunn for det kommunale planarbeidet. Avvik frå retningslinene om arealbruk kan gje grunnlag for motsegn frå fylkeskommunen, nabokommunar eller statlege fagmyndigheiter.

I tillegg til plan- og bygningslova, er det fleire viktige lover som påverkar innhaldet i kommuneplanen, folkehelselova 2011 (Lov om folkehelsearbeid), naturmangfaldslova (Lov om forvaltning av naturens mangfold 2009) og kulturminnelova (Lov om og kulturminnelova 1978). I arbeidet med kommuneplankartet er også «Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister», ei viktig forskrift for presentasjon og forståing av kartet.

Regjeringa har festsett nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedteken i kongeleg resolusjon 14. mai 2019. Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Mellom anna er det lagt vekt på:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling, der FNs berekraftmål ligg til grunn for samfunns- og arealplanlegginga
- Klimatilpassing og samfunnssikkerheit
- Effektive og kunnskapsbaserte planprosessar
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Attraktive og klimavennlege sentrumsområde


Dei nasjonale forventningane peikar på at samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er særleg viktig i arealplanlegginga for å oppnå attraktive sentrumsområde. For å få gode og kompakte tettstadområde må det byggjast tett rundt sentrumsområda. Dette gjev redusert arealforbruk og transportbehov og styrker grunnlaget for kollektivtransport, sykkel og gange. Alle avgjerder om lokalisering, bustader, infrastruktur og tenester påverkar energiforbruket og utslepp i lang tid framover. For å møte overgangen til lågutslepps-samfunnet må ein legge stor vekt på effektiv arealbruk og på å samordne aktiviteten i sentrum, samstundes som korte avstandar mellom bustad og dagelege gjør mål gjer kvardagen enklare. For å styrke by- og tettstadsentra er det viktig at kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk. For Bismo som tettstad er dette serleg viktig for areal til offentleg formål (skule, barnehage administrasjon m.v.), bustadområder og næringsareal. Dette gjeld også fortetting i eksisterande utbyggingsområder.

I Oppland fylkeskommune sin planstrategi for perioden 2016 – 2020 er visjonen et klimanøytralt Oppland med bærekraftig verdiskaping og velferd. Ein har sett desse måla:

- Oppland skal vere klimanøytralt innan 2025
- Auke grøn og berekraftig verdiskaping basert på naturgjevne fortrinn
- Berekraftig velferd og trivsel

Følgjande nasjonale og regionale planar/føringer er med å dannar grunnlag for arbeidet med kommuneplanen for Skjåk:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Nasjonal transportplan (NTP) og Nasjonal sykkelstrategi (2014-2023)
- St.meld. nr. 9 (2011-2012) «Landbruks- og matpolitikken»
- Nasjonal jordvernstrategi – oppdatering i statsbudsjettet 2019
- Rundskriv om samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling (2018)
- St.meld. nr. 14 (2015-2016) «Natur for livet – Norsk handlingsprogram for naturmangfold»
- St.meld. nr. 15 (2011-2012) «Hvordan leve med farene – om flom og skred»
- St.meld. nr. 16 (2004-2005) «Leve med kulturminner – nasjonale mål og retningslinjer og miljøutfordringer»
- St.meld. nr. 35 (2012-2014) «Fremtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken»
- St.meld. nr. 17 (2012-2013) «Byggje-bu-leve»
- St.meld. nr. 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand»
- St.meld. nr. 21 (2011-2012) « Norsk klimapolitikk»
- St.meld. nr. 34 (2012-2013) «Folkehelsemeldingen»
- St.meld. nr. 39 (2000-2001) «Friluftsliv»
- Norge universelt utformet 2015 «Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet»
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2012
- Flaum og skredfare i arealplaner (NVE 2/2011)
- Regional planstrategi 2016-2020 – Mulighetens Oppland i ei grønn framtid
- Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland 2016-2026
- Regional plan for samfunnssikkerhet og beredskap 2014-2017
- Regional plan for klima og energi for Oppland 2013-2024
- Regional plan for Ottadalsområdet 2014-2026 (villreinområde)
- Regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag
- Klimaprofil for Oppland 2018
- Jordvernstrategi for Oppland 2007-2011
- Kulturarvstrategi for Oppland 2015-2020
- Skog- og trestrategi for Hedmark og Oppland 2013-2016
- Reiselivsstrategi for Oppland 2012
- Regional plan for folkehelse i Oppland 2012-2016
- Handlingsprogram for fylkesvegar
- Kommunebilde for Nord-Gudbrandsdal 2014



Figur 2: Samanhengen mellom nasjonale forventninger og kommunen sitt planarbeid

3. PLANPROSESS

Planprogram etter PBL § 11-13 for rullering av kommuneplan for Skjåk vart vedteke i kommunestyret 25.06.2015. Dette gjaldt både samfunnsdel og arealdel. Før det vart vedteke var planprogrammet hadde det vore på høyring i samsvar med PBL § 11-14.

Etter at planprogram vart vedteke, vart det arbeida kontinuerleg og dels parallelt med utarbeiding av revidert samfunnsdel og arealdel.

Revidert samfunnsdel 2017-2018, vart som nemnd vedteken av kommunestyret 22.02.2018. I vedtaket står det at arealplanen vert lagt fram i etterkant.

3.1 MEDVERKNAD OG BEHANDLING.

For å involvere flest mogleg, har ungdomsrådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og lag og organisasjonar vore aktive undervegs.

Skule og barnehage har vore aktive med tanke på planlegging av ny 1-10 skule i Bismo og ein større barnehage i sentrum, serleg gjeld dette attraktive uteområde.

Det har vore arrangert opne informasjonsmøter, og kommunens nettside har vore nytta aktivt.

For å få til ein god dialog med regionale styremakter vart «Regionalt Planforum» trekt tidleg inn i planprosessen.

I sak 134/14 satt formannskapet ned ei plangruppe som utgjorde formannskapet og personer frå administrasjonen. Opphaveleg vart det i utover det sett ned 4 arbeidsgrupper som skulle jobbe med kommuneplanen som skulle levere rapport innan september 2015. Men berre gruppa «Natur og arealforvaltning, nasjonalparkar, vern og bruk» hadde møteaktivitet, slik at formannskapet i sak 17/16 gjorde vedtak om at hovudutvala tok over dette arbeidet:

1. Natur og arealforvaltning, nasjonalparkar, vern og bruk → Miljø- og næringsutvalet
2. Næring, omdømebygging → Miljø- og næringsutvalet
3. Oppvekst, barn og unge, kultur og fritid → Kultur- og oppvekstutvalet
4. Helse og omsorg → Helse- og omsorgsutvalet

Arbeidsgruppene/hovudutvala jobba parallelt med samfunnsdelen og arealdelen.

I tillegg har det vore halde fleire møter med Skjåk allmenning som eig det meste av grunnen i Skjåk. I Bismo har det vore utarbeidd sentrumsplan som vart ferdig i jan 2018.

Tilsette på plankontoret hadde kommuneplanens arealdel til drøfting i Regionalt planforum 12.03.2019.

Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling i Skjåk, hadde førsteutkast av planen til behandling i møte 13.02.2020. Behandlinga har mellom anna resultert i at det er utarbeidd konsekvensutgreiing (KU) og ROS-analyse for nokre nye område:

- Næringsareal BN03 og BN04 ved Dønfoss (oppfor Øyberget kraftstasjon).
- Næringsareal BN05 ved Nystugu (aust for skytebana i Nordberg).
- Kombinert byggeområde for bustader/fritidsbustadar BBF01 i Teigmorkje.
- Gang- og sykkelveg GSV7 langs FV2650 ved Dønfoss camping (0,5 km).
- Gang- og sykkelveg GSV8 langs FV2648 frå Skamsarbrue mot sør (0,2 km).

Formannskapet i Skjåk (FS), hadde revidert førsteutkast av planen til behandling i møte 17.03.2020. Areal for nye næringsområde hadde særskilt fokus på møtet:

- FS ønskjer utgreiing av utviding av næringsareala BN03 og BN04 ved Dønfoss.
- FS ønskjer utgreiing av utlegging av meir næringsareal på Tundramoen. Eksisterande næringsområde for pelsdyrfarmar som ligg her, kan omdisponerast pga. av at næringa er vedteke avvikla, og det kan ligge til rette for å ta i bruk meir areal her for næringsformål. Areal her er etter møtet i FS utgreidd som område BN06 og BN07.
- FS ønskjer utgreidd utlegging av meir næringsareal i tilknyting til næringsområde BN02 aust/sør for Lundahaugan. Areal her er etter møtet i FS utgreidd som område BN08.
- FS ønskjer at næringsområde BN05 ved Nystugu, som er utgreidd etter behandlinga i hovudutvalet for miljø- og samfunnsutvikling, ikkje blir del av planforslaget mellom anna p.g.a. konflikt med automatisk freda kulturminne i samsvar med KU for området.
- FS ønskjer at næringsområde BN01 Lund, som var føreslege vidareført frå tidlegare kommuneplan, blir teke ut av planforslaget. FS finn området lite eigna mellom anna på grunnlag i at området er utsett for flaumfare knytt til vassvegar i området og at området er vanskeleg lokalisert med omsyn til tilknyting til infrastruktur.
- FS ønskjer at den nedlagte Marlo skule som kommunen vil selje, i planen vert omdisponert til kombinert byggeformål for bustad/kontor/forretning. Areal her er etter møtet i FS utgreidd som område KAB01.

Formannskapet ønskja også at trase og innslag for ny tunell på RV15 i Breidalen vert lagt inn i planen etter ein trase som var føreslege og utgreidd av Statens vegvesen.

4. REVIDERT PLAN – ENDRINGAR OG NY AREALBRUK.

Den nye arealdelen er tilpassa ny plan- og bygningslov og nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregiseter.

Plankartet blir lagt ut på digital plattform og i kartinnsynsløysingar, og det gjer at karta skal vere lettare å lese enn tidlegare m.a. ved at ein kan zoome inn på utsnitt av kartet. Det vil da vere mogeleg å skrive ut utsnitt av kartet i større målestokk. Ein kan også velja kva for tema ein vil vise. Denne meir fleksible bruken av kartet, krev at kartet blir meir nøyaktig i forhold til grunnlagskartet, slik at både arealbruksføremål og omsynssonar no er lagt inn med større nøyaktigkeit enn tidlegare.

Med grunnlag i dette, er også alle offentlege vegar og gang- og sykkelvegar, skilt ut og lagt inn med arealbruksføremål «samferdselsføremål» på plankartet. Tidlegare var vegen og gang- og sykkelvegar, berre vist som samferdselsliner oppå dei underliggjande arealbruksføremåla som kunne vere landbruks- og friluftsområde (LNF) eller byggeområde for til dømes bustadar, fritidsbustadar eller næring. Vegen og gang- og sykkelvegar er framleis viste som samferdselsliner, men no da i høg grad vist liggjande oppå arealbruksføremålet samferdsel. Private vegen og private tilkomstvegar til gardstun, bustadhus er berre vist som samferdselsliner, og berre unntaksvise som flate med samferdselsføremål.

Reguleringsføremål i godkjende reguleringsplanar, er i kommuneplanens arealdel lagt med samsvarande arealføremål på plankartet, da med mindre grad av detaljering enn i detaljplanen. I ein del tilfelle har ikkje utbygging av dei tidlegare regulerte områda, skjedd nøyaktig slik reguleringsplanane viser. Det gjeld i sær for dei eldre reguleringsplanane, og spesielt for nokre av hytteområda. Ofte er det da vegen som pga. stigningsforhold eller grunnforhold, er bygd annleis i terrenget enn detaljplanen viser, noko som medfører at t.d. tomtar inntil vegen er noko flytta. I slike tilfelle er dette teikna inn som det er utbygd på det reviderte plankartet til kommuneplanens arealdel, dvs. i samsvar med faktiske forhold i marka.

I forhold til den førre kommuneplanen, er det verdt å merke seg at det som i førre plan ikkje er lagt inn omsynssone for vidareføring av reguleringsplan oppå arealføremåla der det er godkjende reguleringsplanar. Det vil da seie at om det er avvik mellom plankartet til kommuneplanens arealdel og reguleringsplanane, skal arealbruksføremålet som er vist i kommuneplanens arealdel vere førande for arealbruken ved ny reguleringsplan og revisjon av reguleringsplanane. Dette vil også gjelde ved behandling av dispensasjonssakar i desse områda. Det tilseier ikkje at dei godkjende reguleringsplanane er oppheva – dvs. at reguleringsplanane gjeld til det blir laga ein ny plan/revidert plan, eller til det eventuelt blir gjort vedtak om oppheving av planen.

Planføresegner og retningsliner til arealplanen er reviderte og oppdatert i forhold til gjeldande lovverk, føringar og standardar/vegleiarar. Sidan førre plan, er det både på plankart og i planføresegner og retningsliner, i langt større grad, kome inn tema som gjeld samfunnssikkerheit. På plankartet er det såleis teikna inn faresoner for mellom anna skredfare og flaumfare, og det er gjeve planføresegner i tilknyting til desse.

4.1 Område for ny arealbruk og vidareføring av ubygde område fra 2011.

Feltn.	Nytt	Vidare-ført	Områdenamn	Arealbruksformål
BB01	x		Blåbærmyre - tidl. Bismo RA	Bustadbygnad
BB02		x	Huldrehaugen	Bustadbygnad
BBF01		x	Teigmorkje	Bustadbygnad/fritidsbygnad
BF01	x		Måsåbakkan I	Fritidsbygnad
BF02	x		Måsåbakkan II	Fritidsbygnad
BF03	x		Grotli	Fritidsbygnad
BN02	x		Aust for Lundahaugan	Næringsbygnad (industri)
BN03-BN04	x		Dønfoss (oppfor Øyberget kr.st.)	Næringsbygnad (industri)
BN06-BN07	x		Tundramoen	Næringsbygnad (industri)
BN08	x		Sør for Lundahaugan	Næringsbygnad (industri)
BRU01	x		Skjøle - vest for bru Lundavegen	Råstoffutvinning (massetak elv)
BRU02	x		Skjøle - ved utlaup i Otta	Råstoffutvinning (massetak elv)
BRU03	x		Ottaelva – gamle Vollungsbrui	Råstoffutvinning (massetak elv)
BRU04	x		Ottaelva - Storøye	Råstoffutvinning (massetak elv)
BRU05	x		Tundri - ved utlaup	Råstoffutvinning (massetak elv)
BRU06	x		Ostre - ved Åmotsøye	Råstoffutvinning (massetak elv)
BRU07	x		Brumellomlia	Råstoffutvinning (masselager)
BRU08	x		Heggerusti	Steinbrot
BAS01	x		Flaumverk Bismo	Annan bygnad og anlegg
BAS02	x		Skredvoll Huldrehaugen	Annan bygnad og anlegg
GSV1		x	GSV RV15 Vollungsbrui – Brukrokan (0,7 km)	Gang- og sykkelveg
GSV2		x	GSV RV15 Brukrokan – Marlosgeilen (3,0 km)	Gang- og sykkelveg
GSV3		x	GSV RV15 Marlosgeilen – Lom (5,2km)	Gang- og sykkelveg
GSV4		x	GSV FV2646 Vollungsbrui – GSV mot Aurmoen (0,6 km)	Gang- og sykkelveg
GSV5		x	GSV Brukrokan (0,2 km)	Gang- og sykkelveg
GSV6		x	GSV FV2650 Skamsarbrue – Bokkodden bru (2,5 km)	Gang- og sykkelveg
GSV7	x		GSV FV2650 Dønfoss (0,5 km)	Gang- og sykkelveg
GSV8	x		GSV FV2648 Skamsarbrue (0,2 km)	Gang- og sykkelveg
GV1		x	Gangveg og bru Bismo (0,4 km)	Gangveg
Veg1	x		Tilkomstveg til BN02 og BN08	Køyreveg

5. AREALBRUKSFORMÅL

5.1 BYGGJEOMRÅDE OG ANLEGG (PBL § 11-7 NR. 1.)

5.1.1 Bustadbygnad.

Det er sett av areal med arealbruksformål Bustadbygnad – eksisterande - på plankartet på Bismo, Aurmo og Dønfoss. Desse områda inngår i godkjente reguleringsplanar. I tillegg ligg det 112 eksisterande bustadeigedomar inne på plankartet med arealbruksformål Bustadbygnad – eksisterande - på plankartet som ikkje er regulert. Desse ligg både som enkeltomter eller fleire tomter samla. 83 av desse tomtene er vidareført frå gjeldande plan, medan 30 er nye. Det er gjort ei konsekvensutgreiing i forhold til kva for tomter som skulle vidareførast og kva for tomter som skulle kome inn som nye som del av planarbeidet. Liste over dei bustadtomtene som ligg i planen som Bustadbygnad – eksisterande – ligg som vedlegg til planføresegne.

Det har i planprosessen vore naudsynt å avklare behovet for bustadtomter i planperioden. Planprogrammet for kommuneplan viser at kommunen har relativt store reserver for bustadtomter. Den vurderinga bygger på at ein vidareførar dei områda som avsett som framtidige bustadområder i gjeldande kommuneplan. I planprosessen har det frå spesielt Fylkesmannen vore stilt spørsmål om behovet for bustadtomter, også sett på bakgrunn av at det «reserveområdet» ein har for bustadbygging i Bismo i Huldrehaugen, vil medføre nedbygging av eit større areal med fulldyrka jord.

Kommunen har lagt til rette for bustadbygging gjennom reguleringsplanar både ved Dønfoss, Bismo og Aurmo. Dette gjev god spreiing i heile kommunen der det er aktuelt å byggje bustader. I område omfatta av gjeldande reguleringsplanar, har ein pr. 01.01.2020 følgande ubygde tomter:

Reguleringsplan namn	Planident	Planvedtak	Ubygde tomter
Skei (Bismo)	05130020	24.04.2003	28
Aurmo	05130004	24.06.1982	31
Dønnfoss	05130027	15.12.2009	10
Uppnose (Bråtå)	05130005	14.11.1983	13
Sum			82

Ein har følgjande statistikk for bustadbygging i Skjåk dei siste 29 åra (kjelde Statistisk Sentralbyrå):

Periode	Einebustadar	Tomannsbustadar	Rekkjehus
2011-2019	49	-2	8
2001-2010	77	10	2
1991-2000	79	19	8
Sum	205	27	18
Gjennomsnitt pr. år	6,6	0,9	0,6

Held ein talet på ledige tomter opp mot bustadstatistikken, skulle ein i Skjåk vere godt dekt med bustadtomter dei første åra. Det meste av bustadbygginga skjer i Bismo, og det er der det er noko etterspørsel etter tomter.

I grendene er det laber etterspørsel etter regulerte bustadtomter. Reguleringsplanane for Aurmo og Uppnose er snart 40 år gamle, og dei ubygde tomtene har vore ledige lenge. I Aurmo er 22 av dei 31 ledige bustadtomtene byggeklare ved at dei er knytt offentleg VA-nett og med opparbeid vegtilkomst. I Uppnose er berre 5 av dei 13 ledige tomtene byggeklare og tilknytt VA og veg. Reguleringsplanen for Dønfoss vart vedteke for vel 9 år sida. Det har sidan det ikkje skjedd nokon opparbeiding av det planlagde bustadfeltet, slik at ingen av dei 10 regulerte bustadtomtene er byggeklare.

Kommuneplanens samfunnsdel (2017-2028) legg til grunn at ein skal jobbe mot eit optimistisk bilde for utvikling av kommunen, med mål om å auke folketalet frå dagens vel 2200 til 2400 innbyggjarar i 2028. Om det er realistisk eller ei, bør ein følgje opp denne målesettinga i arbeidet kommuneplanens arealdel. Planen må derfor legge til rette for ei arealdisponering som gjer at ei slik positiv utvikling skal kunne skje.

Det er grunn til å tru at den sentraliseringa ein har hatt innan kommunen mot kommunesenteret Bismo vil fortsette, og at mesteparten av behovet for tilgang på bustader må dekkast der. I forslaget til kommuneplanens arealdel ønskjer kommunen derfor å vidareføre planane om eit utbyggingsområde for bustadar på Hulderhaugen (BB02). Arealet var avsett til utbyggingsformål for bustadar første gong i kommuneplanen sin arealdel i 2006. Fylkeslandbruksstyret aksepterte da at kommunen la ut Hulderhaugen til bustadområde, men føreset at det vert ein høg utnyttingsgrad på arealet, og at kommunen tek i bruk allereie regulert areal før dei i nokon vesentleg grad tek til på utbygging av Hulderhaugen. Arealet vart vidareført som utbyggingsområde for bustadar ved revisjon av kommuneplanen i 2011. Det omfattar eit areal på 59 dekar, der om lag 51 dekar er fulldyrka jord. Kommunens anslag er at dette området kan gi rom for 50 nye bueiningar. Ein visar til konsekvensutgreiinga som er gjort med omsyn til dette utbyggingsområdet (KU kap. 2.2), og grunngjevinga der for å vidareføre dette arealet som utbyggingsområde for bustadar. Hulderhaugen må sikrast mot skred ved å byggje skredvoll før utbygging, og det er nedfelt i reglar om rekkjefølge i planføresegnene.

Om ein legg til grunn at 2/3 av behovet for nye bustadar skal dekkast i Bismo, og at utbyggingstakten vil bli som dei 29 siste åra, vil det vere behov for ca. 5 nye bustadar/bueiningar årleg i Bismo. Saman med ledige tomter i dei regulerte områda i Skei, vil ein da vere dekt med utbyggingsgrunn for bustadar på Bismo godt utover planperioden fram mot 2028.

Elles er det på Bismo lagt ut eit mindre område i bustadområdet på Blåbærmyre som framtidig areal for bustadbygging (BB01). Det er eit areal på 2,5 og omfattar tomta for det tidlegare Bismo reinseanlegg.

I sentrumsområdet på Bismo, er det lagt ut ganske store tomter i nokre av dei eldre reguleringsplanane. Det kan derfor vere eit visst potensiale for fortetting her på areal som er

regulert for bustadformål. I dei tilfelle husa er slik plassert på tomta at det vil vere mogeleg med frådeling av ei tomt nummer to, vil kommunen vere positiv til det. Ved sanering av eldre bygnad, kan det også vere opning for auking av utnyttingsgrad. Slik fortetting må skje etter private initiativ. Det er vanskeleg å gjere konkrete grep i kommuneplanens areal del når det gjeld dette, og vanskeleg å setje tal på kva dette eventuelt kan bidra med for å dekke framtidig bustadbehov.

I grendene er det meir enn tilstrekkeleg med ledige tomter i regulerte felt for å dekke behovet i planpeioden.

I kommuneplanens samfunnsdel er det også nedfelt at det er ønskjeleg å opne opp for å tillate noko spreidd bustadbygging ute i grendene. Det er ikkje avsett nye byggeområde bustadbygnad i planen ute i grendene. Den erfaringa kommunen har gjort seg ut frå dei søknadane som kjem inn og blir behandla for spreidd bustadbygging, er at det er vanskeleg å ”treffe” med byggeareal avsett for formålet i ein plan. På bakgrunn av dette har ein valt å føre retningsliner for dispensasjon for slike saker frå 2011 vidare.

5.1.2 Fritidsbygnad.

Det er sett av areal med arealbruksformål Fritidsbygnad – eksisterande - på plankartet for areal som inngår i godkjende reguleringsplanar på Grotli, Billingen, Heggebottlia, Pollodden, Dønnfoss, Aurmo og ved Liavatnet. Det ligg også inne eit byggeområde i Skjåkmorkje som i kommuneplanen frå 2011 var lagt ut som framtidig byggeområde for fritidsbustadar. Feltet er på om lag 60 daa og er ikkje regulert eller utbygd. Etter ønskje frå grunneigaren er dette feltet no vidareført som kombinert byggeområde for fritidsbustadar og bustadar BBF01.

I tillegg ligg det 5 eksisterande hytteeidomar inne i planen med arealbruksformål fritidsbygnad – eksisterande - på plankartet. Desse er vidareført frå tidlegare kommuneplanar, og er ikkje er omfatta av reguleringsplan. Liste over desse ligg som vedlegg til planføreseggnene.

Når det gjeld fritidsbustadar har ein følgjande tomtereserver i gjeldande reguleringsplanar:

Reguleringsplan namn	Planident	Planvedtak	Ledige tomter
Aurmo	05130004	24.06.1982	11
Liavatnet	05130021	26.06.2003	14
Heggebotnvatnet	05130018	25.04.2002	6
Pollodden	05130016	17.01.2002	14
Billingen hyttegrend	05130024	05.03.2009	58
Grotli fritidsboligområde	05130023	28.06.2007	38
Breidablikk	05130007	24.03.1988	0
Grotli	05130008	09.06.1993	0
<i>Sum</i>			<i>141</i>

I tillegg har ein eit område i Teigmorkje aust for Bismo som er lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar i kommuneplanens arealdel frå 2011. Feltet er på om lag 60 daa og er ikkje regulert eller utbygd.

Ein har følgjande statistikk for bygging av fritidsbustadar i Skjåk dei siste 21 åra (kjelde Statistisk Sentralbyrå):

Periode	Fritidsbustadar bygde
2009-2019	82
1999-2009	75
Sum	157
Gjennomsnitt pr. år	7,5

I kommuneplanens samfunnsdel (2017-2028) er det nedfelt at kommunen skal satse på nye hyttefelt/hyttetomter. Kommunen har ikkje lagt ut ny område av eige tiltak, men byggjer på forslag som har kome inn.

I planen ligg det forslag om byggeområde for fritidsbustadar i følgjande nye område:

Nr.	Områdenamn	Tal på tomter	Sum areal daa
BF01	Måsåbakkan I	53	407
BF02	Måsåbakkan II	47	366
FB03	Grotli	30	90
Totalt		130	863

Område BF01 og BF02 var i utgangspunktet føreslege av Skjåk Allmenning som eit utbyggingsområde, men i planforslaget er det lagt inn ein grøn korridor langs Måsagrove som deler området i to. Det er kupert og hellande terrenget i dei tre områda som er føreslege, og det gjer dei er noko krevjande å bygge ut. Anslaget av tal på tomter er gjort ut frå praktisk utnyttingsgrad i nærliggjande hytteområde med tilsvarende terrenghold.

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for desse områda (jf. KU kap. 2.3 og kap. 2.4). Eit tema som er diskutert i KU er om hyttebygging i desse områda vil utløyse auka trafikk inn i villreinens leveområder. Ei utbygging i Måsåbakkan vil kunne kome i konflikt med beitebruken i området. Areala vil også miste noko av sin verdi som beiteområde for hjortevilt. For felta i Måsåbakkan meiner administrasjonen at det i første omgang vil vere hensiktsmessig å konsentrere utbygginga nærmest Stuttgongen, anten ved at det vestlege området BF02 vert teke ut av planforslaget, eller ved at det setjast ei utbyggingsrekkefølgje som slår fast at BF01 skal byggast ut først.

For alle nye byggeområde for fritidsbustadar, er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

5.1.3 Kombinert byggeområde for fritidsbustadar og bustadar.

Eit byggeområde i Skjåkmorkje som i kommuneplanen frå 2011 var lagt ut som framtidig byggeområde for fritidsbustadar, er etter ønskje frå grunneigarar no vidareført som kombinert byggeområde for fritidsbustadar og bustadar BBF01. Feltet er på om lag 60 daa og er ikkje regulert eller utbygd.

Truleg kan det vere plass for rundt 20 tomтар i område BBF01, men utan at feltet blir knytt til offentleg vatn- og avlaupsnett, kan ein ikkje ha slik storleik på utbygginga. Om feltet skal byggast ut i privat regi, vil det vere eit stort økonomisk løft for grunneigarar/utbyggjarar å knyte feltet til offentleg vatn og avlaupsnett, og tomtene vil bli dyre. Med utbygging av lokale reinseløysingar er det realistisk at talet på tomtar må bli redusert til det halve – litt avhengig av fordelinga mellom bustadar og fritidsbustadar.

5.1.3 Sentrumsformål.

Det er sett av eit mindre areal med arealbruksformål Sentrumsformål – eksisterande - på plankartet som omfattar bussterminalen på Bismo. Det er ikkje sett av nye område.

5.1.4 Forretning.

Det er sett av areal med arealbruksformål Forretning – eksisterande - på plankartet som omfattar forretningar, kontor, handverksverksemder, produksjon av lokalmat/tradisjonsmat og servicebedrifter. Det er ikkje sett av nye område.

5.1.5 Offentleg eller privat tenesteyting.

Det er sett av areal med arealbruksformål Offentleg eller privat tenesteyting – eksisterande - på plankartet som omfattar mellom anna skular, sjukeheim, kyrkjer, offentleg administrasjon og kommunalteknisk verksemd. Det er ikkje sett av nye område.

Nordberg og Marlo skule vart nedlagt i 2018, men areala er vidareført som før og avsett til offentleg eller privat tenesteyting.

5.1.6 Fritids og turistformål.

Det er sett av areal med arealbruksformål Fritids og turistformål – eksisterande - på plankartet som omfattar campingplassar, motell, hotell, betjent turisthytte (DNT), skitrekk m.m. Nokre av desse låg tidlegare inne som Forretning. Det er ikkje sett av nye område.

For låge byggverk (spikertelt) på campingplasser er det laga eige regelverk som er teke inn i planføreseggnene.

5.1.7 Område for råstoffutvinning.

Det er sett av 3 område med arealbruksformål Råstoffutvinning – eksisterande - på plankartet. Dei omfattar eksisterande område for grustak, anlegg for sortering/knusing av masse og masselagring.

Dei eksisterande områda er:

- Framruste: Grustak (tunnelmasse), ligg i regulert område (planid. 5130017)
- Flatmoen: Grusuttak som ligg i regulert område (planid. 5130010)
- Kuhølgruva: Grustak som ligg i regulert område (planid. 5130037)

Planforslaget omfattar 6 nye område for massetak i elv (BRU01-BRU06), eit område for lagring og behandling av grus- steinmassar (BRU07) og eit område for uttak av stein (BRU08):

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa
BRU01	Skjøle - vest for bru Lundadalssvegen	Uttak i elv	4,1
BRU02	Skjøle - ved utlaup	Uttak i elv	3,1
BRU03	Ottaelva - Aurbrua	Uttak i elv	1,7
BRU04	Ottaelva - Storøye	Uttak i elv	26,2
BRU05	Tundri - ved utlaup	Uttak i elv	3,7
BRU06	Ostre - ved Åmotsøye	Uttak i elv	4,6
BRU07	Vest for Tundre	Masselager	10
BRU08	Heggerusti	Uttak av stein	65
Totalt			118,4

Områda for massetak i elv, gjeld alle uttak av massar som flaumførebyggande tiltak. Uttaka BRU01og BRU02 i Skjøle og BRU05 og BRU06 i Ostre/Tundre, ligg alle inne i «Regional plan for Gudbrandsdalsdalslågen med sidevassdrag». På desse elvestrekningane er det gjennomført krisetiltak i regi av NVE etter flaumen hausten 2018. Område BRU07 er område for behandling av stein og grusmasser primært for uttaka i Ostre og Tundre. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for områda (jf. KU kap. 2.10 og kap. 2.12).

Uttaka BRU03 og BRU04 i Ottaelva er spelt inn av kommunen. I desse områda har det det har lagt seg opp store mengder stein og grusmasse etter flaumen hausten 2018. Masseuttaka er føreslått for å ta ut masse som krisetiltak no, og for å ha mogelegheit for regelmessig uttak i elva som førebyggande tiltak. I område BRU03 oppstrøms Aurbrua, har flaumen ført til opphoping av masse, noko som gjer at elva eroderer sterkt inn mot riksvegbrua. I område BRU04 ved Storøya, har flaumen har lagt att mykje masse som fører til at vatnet lett flaumar inn på campingområdet og også trugar infrastruktur og bustadhús i Aurmoen. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for områda (jf. KU kap. 2.11).

Etter innspel frå Skjåk Allmenning er det lagt inn forslag om eit nytt steinbrot ovafor Heggerusti for uttak av naturstein i område BRU08. Ved prøveuttak i 2017 er det lokalisert gode steinførekomstar som er eigna til muring. Det er etterspørsel etter slik stein, og dagens behov blir

dekt ved lang transport, heilt frå Oppdal. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for området (jf. KU kap. 2.13).

For alle nye område for råstoffutvinning, er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før uttak/verksemd kan starte.

Grusuttak ved Aura (Høghaugen) som ligg i gjeldande kommuneplan er teke ut av planen etter ynskje frå grunneigar. Det har ikkje vore drift her på mange år, og uttaket er attendeført til LNF-område.

Eksisterande grustak, Kuhølgruva, var feil plassert på tidlegare plankart og dette er retta opp. Dette er lagt inn slik det går fram av reguleringsplan som er utarbeidd for området.

5.1.8 Næringsbygnad.

Det er sett av område med arealbruksformål *Næringsbygnad – eksisterande* - på plankartet. Dei omfattar eksisterande område for ulike produksjonsbedrifter, industri og lager.

Det finns snart ikkje att ledig areal for næringsutbygging på Bismo, og det er stor trøng for nye areal, særskilt for industriformål. I planarbeidet er det utgreidd fleire nye område for ny næringsbygnad som alternative forslag til lokalisering av nye næringsområde.

Arealet BN01 - Lund vart avsett som utbyggingsareal for industri i gjeldande kommuneplan frå 2011, men er ikkje utbygd. Næringsarealet er på om lag 143 dekar. Det går vassvegar for jordbruksvatning gjennom området. Ved flaumen hausten 2018, vart inntaket til vassvegane ved Skjøle rasert, og store vassmengder, stein og lausmasse kom inn langs dei gamle vassvegane. Faresone flaum er vist på plankartet, og omfattar en større del av næringsarealet. Da det manglar offentleg infrastruktur (VVA) vil området bli kostbart å bygge ut. Om lag 28 daa av arealet er registrert som dyrkbar jord. Det er gjort ei konsekvensutgreiing for området (jf. KU kap. 2.6). Formannskapet bestemte på møtet 17.03.2020 at område BN01 ikkje skal vere del av planforslaget.

Arealet BN02 på vestsida av Skjøle aust for Lundahaugan vart spelt inn på eit arbeidsmøte med i plan- og næringsutvalet i juni 2019. Området er om lag 34 dekar stort, og er ei stor plan flate som er oppbygd av masser som er teke ut av Skjøle i samband med flaumsikringstiltak av etter flaumen hausten 2018. Etter at området er ferdig oppfylt og planert, er det lagt på jordmasser/vegetasjonsmasse for re-establering av skog. Forslaget er å nytte dette arealet for industri. Da det manglar offentleg infrastruktur (VVA) vil området bli noko kostbart å bygge ut. Det er gjort ei konsekvensutgreiing for området (jf. KU kap. 2.7).

Områda BN03 og BN04 vart spelt inn på møtet i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling 13.02.2020. Areala omfattar flata på toppen av massedeponiet som var etablert i samband med kraftutbygging i Øvre Otta ved Øyberget kraftstasjon, og er på om lag 42 dekar. Etter at området er ferdig oppfylt og planert, er det lagt på jordmasser/vegetasjonsmasse og etablert eit plantefelt

med furuskog. Forslaget er å areala BN03 og BN04 for industri. Arealet ligg nær RV15/FV2650 og anna teknisk infrastruktur (offentleg VA og straum). Næringsutbygging vil kunne kome i konflikt med 3D-banen for bågåskyting som er etablert i området, og ei utbygging som føreslege vil medføre at dette anlegget må flyttast. Det er gjort ei konsekvensutgreiing for områda (jf. KU kap. 2.8). Den største usikkerheita med tanke på utbygging av området er at alt areal er kartlagd med aktsemd i forhold til fare for snøskred og jord- og flaumskred på NVE skrednett.

Område BN05 vart også spelt inn på møtet i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling 13.02.2020. Området ligg mellom skytebanen og Nystugu og omfattar eit areal på om lag 55 dekar. Veg- tilkomst er planlagd å skje frå etablert avkjøring til RV15 ved skytebanen. Da det manglar offentleg infrastruktur (VVA) vil området bli kostbart å bygge ut. Men utbygging av området er i stor konflikt i forhold til kulturminnevern. Mange freda kulturminner blir råka, og desse utgjer eit samanhengande system og viser det store omfang utvinning av jern har hatt i området i tidlegare tider. Det er gjort ei konsekvensutgreiing for området (jf. KU kap. 2.9). Formannskapet bestemte på møtet 17.03.2020 at område BN05 ikkje skal vere del av planforslaget.

Områda BN06 og BN07 på Tundramoen vart spelt inn på møtet i Formannskapet 17.03.2020. Areala er på til saman 161 dekar, og ligg inntil eit regulert næringsområde for pelsdyrfarmar på om lag 90 dekar. Arealet for pelsdyrnæringa kan omdisponerast pga. av at næringa er vedteke avvikla. Det ligg da til rette for å ta i bruk meir areal på Tundramoen for næringsformål. Tundramoen er forholdsvis flat og har god byggegrunn, og såleis kan vere godt eigna for industriformål. Området er ikkje utsett for skred eller flaum. Det trekk ned at området vil vere kostbart å knyte opp mot offentleg avlaup, men det kan vere mogeleg med lokalt reinseanlegg med infiltrasjon i grunnen, (må utgreiaast nærrare). Det er gjort ei konsekvensutgreiing for områda (jf. KU kap. 2.10).

Område BN08 sør for Lundahaugan vart også spelt inn på møtet i Formannskapet 17.03.2020. Arealet er på 46 dekar, og ligg nær den føreslegne området BN02. Området er flatt areal med god byggegrunn og er eigna for industriutbygging. Da det manglar offentleg infrastruktur (VVA) vil området bli noko kostbart å bygge ut. Området er lite eigna for industri som årsakar mykje støy og støv da det ligg forholdsvis nær bustadbygnad, grendahus og ein ridebane. Det er gjort ei konsekvensutgreiing for området (jf. KU kap. 2.11).

For alle desse områda er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

5.1.9 Andre typar bygnad og anlegg.

Det er sett av område med arealbruksformål *Andre typar bygnad og anlegg – eksisterande* - på plankartet. Det omfattar m.a. anlegg for produksjon og distribusjon av energiforsyning, tele, vassforsyningasanlegg, avlaupsanlegg, flaumverk, flaumvollar og skredvollar.

Det er sett av to nye område med arealbruksformål *Andre typar bygnad og anlegg – framtidig* - på plankartet:

- BAS01 omfattar areal for anlegg av flaumvoll for sikring av Bismo mot flaum frå Ottaelva.
- BAS02 omfattar areal for anlegg av skredvoll for sikring av det planlagde bustadområdet i Huldrehaugen mot skred.

Begge områda er konsekvensutgreidd, og for begge tiltaka er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

5.1.10 Kombinert bygnad og anlegg.

Det er sett av ei rekke område med arealbruksformål *Kombinert bygnad og anlegg – eksisterande* - på plankartet. Det omfattar m.a.:

- Kombinert formål bustad og forretning i Bismo (i samsvar med reguleringsplan).
- Kombinert formål bustad og kontor i Bismo (i samsvar med reguleringsplan).
- Kombinert formål for bygging av bustader og fritidsbustader på Aurmoen (i samsvar med reguleringsplan).
- Kombinert byggeområde for fritidsbustadar og fritids- og turistformål på Grotli (i samsvar med reguleringsplan).
- Kombinert formål bustad og forretning ved Bokkodden (vidareført frå gjeldande kommuneplan).
- Kombinert bygnad og anlegg som omfatter areal ved Ofossen Mølle (vidareført frå gjeldande kommuneplan).
- Kombinert formål massedeponi og framtidig næring (industri) inne i næringsområde Lund (vidareført frå gjeldande kommuneplan).
- Kombinert formål massedeponi og LNF – Sekundær flaumvoll ved Sæter (bygd i samsvar med kriseplan frå NVE).
- Kombinert formål massedeponi og LNF langs Skjøle ved Permoen (etablert i samsvar med kriseplan frå NVE).
- Kombinert formål massedeponi og LNF langs austre breidd av Skjøle ved Turrmoen (etablert i samsvar med kriseplan frå NVE).
- Kombinert formål massedeponi og LNF ved Nordheim (etablert i samsvar med kriseplan frå NVE).
- Kombinert formål massedeponi og LNF sør for Ostre (etablert i samsvar med kriseplan frå NVE).
- Kombinert formål massedeponi og LNF ved Dønnfoss (etablert i samband med kraftutbygging).

Det er sett av eit nytt område med arealbruksformål *Kombinert bygnad og anlegg – framtidig* - på plankartet – KAB01- som omfattar areal kring den nedlagte Marlo skule. Kommunen ønskjer å selje den nedlagte skulen. For at kjøparar skal ha ein viss valfridom, ynskjer ein å avsette området til kombinert formål bustad/kontor/ forretning. Ein bør vurdere å ta ut den austlege delen frå byggeområdet som er flaumutsett, og oppretthalde bruken her som offentleg friareal for grenda (ballplass og ballbinge).

Det blir sett krav om utarbeiding/ revisjon av reguleringsplan før utbygging.

5.2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 11-7 nr. 2).

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet skal visast på plankartet og skal vektleggjast ved etablering av nye byggjeområde og bruk av areal.

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet som er vist på plankartet med linesymbol er:

- Hovudveg (RV 15)
- Samleveg (fylkesvegar og nokre viktige kommunale vegar)
- Tilkomstveg (kommunale vegar og nokre private vegar)
- Parkeringsareal
- Gang- og sykkelveg
- Sykkelstig Billingsdalen
- Turløyper

Vegareal (veg og sideareal) er også dels vist med arealbruksformål *Samferdselsareal og teknisk infrastruktur*. For veg og gang- og sykkelvegar langs desse gjeld det alle hovudvegar og samlevegar med sideareal, samt nokre tilkomstvegar. Sentrale og større parkeringsplassar er også vist med arealbruksformål.

Statens vegvesen har signalisert at det ikke er konkrete planer om større utbyggingar for riksveg RV15 i Skjåk. Det har lenge vore planar om bygging av nye tunellar for RV15 i Breidalen. Etter innspeil frå formannskapet i møtet 17.03.2020, vart trase og innslag for ny tunell på RV15 lagt inn i kommuneplanforslaget. Forslaget følgjer trase som er føreslege og utgreidd av Statens vegvesen (Konsept B1). Det er ikke gjort nokon utgreiing av dette som del av kommuneplanforslaget. Kommunen føreset at dette planarbeidet blir gjort direkte i reguleringsplan i regi av Statens vegvesen/utbyggjar.

Oversikt frå Statens vegvesen over funksjonsklasse, haldningsklasse og byggjegrønse for riks- og fylkesvegar er oppdatert og er teke inn i planførere segnene.

I nasjonal transportplan er det prioritert utbygging av gang- og sykkelvegar langs RV15. Som konsekvens av dette vart det lagt inn gang- og sykkelveg langs RV15 frå Lom grense til Dønfoss i plankartet frå 2011. Dette er vidareført i planforslaget no. Sidan 2011 er det regulert og bygd gang- og sykkelveg langs RV15 frå Dønfoss mot Felodden. For strekninga frå Felodden til Bokkodden bru er det godkjend reguleringsplan for gang- og sykkelveg, men utbygginga er ikke starta opp. I planforslaget ligg det inne forslag om bygging av til saman 12,9 km gang- og sykkelveg langs RV15 og langs fylkesvegar.

Det er populært å sykle, og det er mange både lokale og turistar som sykler gjennom Billingsdalen. Både for trafikksikkerheita og som eit ledd i folkehelsearbeidet har kommunen valt å leggje inn sykkelstig frå Dønfoss til Langvatnet. Denne er lagt inn som turvegtrase og følgjer eksisterande skogsvegnett og andre mindre trafikkerte veger der det er mogleg. På nokre kortare strekningar må det byggjast ny stig/veg. Tracéen ligg også inne i planen frå 2011.

5.3 GRØNSTRUKTUR (PBL 11-7 NR 3)

Det er avsett areal som *Grønstruktur – eksisterande* - i planen. Areala omfattar friluftsområde og turdrag som har liten grad av tilrettelegging. Annen grønstruktur er avsett som *Friområde – eksisterande*, og omfattar leikeplassar og parkanlegg. Det er ikkje sett av nye område.

5.4 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER SAMT REINDRIFT – LNFR (PBL § 11-7 NR. 5).

5.4.1 LNFR basert på gardens ressursgrunnlag (PBL § 11-7, nr. 5a).

Dette er areal som skal nyttast til landbruks-, natur- og friluftsformål. Innafor desse areala er det også fleire bustader og fritidsbustadar. I LNFR-området er det forbod mot oppføring og utviding av spreidd busetnad eller næringsbygg som ikkje er knytt til stadbunden næring. Innafor LNFR skal det vere ein streng dispensasjonspraksis av omsyn til jordbruksmiljøet, og det er utarbeidd retningsliner for dispensasjonspraksis.

Landbruket er i stor endring, og ein har funne det tenleg å innarbeide eigne retningsliner for strukturasjonalisering i landbruket, jf. kap. 6.1.3.

5.4.2 LNFR for spreidd bustadbygnad (PBL § 11-7, nr. 5b).

Areal som ligg i planen som LNFR for spreidd bustadbygnad, omfattar areal som i kommuneplanen frå 2011 var lagt ut som byggeområde for bustadar, men som har vist seg å ligge innafor faresoner for flaum eller skred. Dette omfattar 80 bustadtomter. Arealbruken er her endra til LNFR for spreidd bustadbygnad, og areala treng da ikkje avklarast i forhold til LNFR-føremålet. Dispensasjon for bygge og anleggstiltak i LNFR-området er da ikkje påkravd, men flaumfaren og/eller skredfaren må avklarast for byggeløyve kan gjevast

5.4.2 LNFR for spreidd fritidsbygnad (PBL § 11-7, nr. 5c).

Areal som ligg i planen som LNFR for spreidd fritidsbygnad, omfattar areal som i kommuneplanen frå 2011 var lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar, men som har vist seg å ligge innafor faresoner for flaum eller skred. Dette omfattar 27 tomter for fritidsbustadar. Arealbruken er her endra til LNFR for spreidd fritidsbygnad, og areala treng da ikkje avklarast i forhold til LNFR-føremålet. Dispensasjon for bygge og anleggstiltak i LNFR-området er da ikkje påkravd, men flaumfaren og/eller skredfaren må avklarast for byggeløyve kan gjevast

5.5 BRUK OG VERN AV VASSDRAG (PBL 11-7, NR. 6).

Areal i denne arealbrukskategorien lagt ut som *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med tilhøyrande strandsone, med unntak av areal innafor Risheimsøyane naturreservat som er lagt ut som naturområde i vassdrag. Areala omfattar vassareal, deltaområde, strandområde og ein del mindre øyar og holmar.

Byggegrense mot vassdrag er 50 m og 100 m mot verna vassdrag. Reglane går fram av planføresegne pkt. 2.2.

Det skjer relativt mykje nydyrkning i Skjåk. For å redusere forureiningsfarene og for å oppretthalde ei sone langs vassdraget der folk kan ferdast, skal det avsettast kantvegetasjonsbelte (jf vannressurslovas § 11). Langs hovudvassdraga Otta, Åstre, Skjøle og Tundri skal dette beltet utgjere min 15 m fra normalvasstand. Langs mindre vassdrag med årssikker vassføring skal beltet vera min 6 m.

6. OMSYNSSONER. (PBL § 11-8)

Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise omsyn og restriksjonar som har påverkar bruken av areal. Omsynssonene skal markerast på arealplankartet og til desse kan det bli knytt føresegner og retningsliner.

6.1 SIKRINGSSONER (H120).

For å sikre områder for grunnvassforsyning mot forureining, er det lagt inn sikringssoner for desse på plankartet (H120), og gjeve tilhøyrande føresegner og retningsliner.

6.2 STØYSONER (H220 og H290).

Støysoner er avlagt på plankartet langs offentleg veg (H220) og kring skytebaneanlegg (H290). Støysone langs veg er henta fra støyvarselkart frå Statens vegvesen med avgrensing av gul støysone.

6.3 FARESONER.

På plankartet er det lagt inn faresoner for naturfare (skred og flaum), skytebane og kring høgspenningsanlegg.

6.3.1 Faresone skred (H310).

Det er lagt inn faresoner for skred på plankartet. Faresonene omfattar alle typar skred (snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred og dels sørpeskred) og er ei samanstilling av karta frå faresonekartlegginga som vart gjort i regi av NVE i Skjåk i 2018 og aktsemndskarta for skred på den nasjonale basen Skrednett. Faresonekartlegginga frå 2018 er basert på synfaringar av geologar i felt, modellering frå laserdata med høg oppløysing og vurderingar ut frå lokale forhold, og er den mest nøyaktige. Faresonene frå denne kartlegginga viser ein reell fare for skred med årleg sannsyn 1/1000, og er avlagt på plankartet som H310_2. Aktsemndskarta for skred er i hovudsak basert på GIS-analysar som plukkar ut rasfarleg område med grunnlag i ein grovere terregnmodell, og det er ikkje gjort synfaringar i felt slik at lokale faktorar ikkje er vurdert. Faresonene som er avlagt frå aktsemndskarta er namna H310_1, og viser potensielle

område for utløsing og utlaup av skred der det ved bygge- og anleggstiltak vert pålagd å gjere nærmere vurdering av skredfaren.

6.3.2 Faresone flaum (H320).

Det er lagt inn faresoner for flaum på plankartet.

Langs Ottaelva på strekninga forbi Bismo (frå Skamsarbrue til Ofossen), er faresone for flaum lagt inn slik dei går fram av flaumsonekart frå vasslinebereking utført av Norconsult AS/Hydrateam i 2019 (200-årsflaum med klimapåslag). Faresonene frå flaumsonekartet viser reell flaumfare med årleg sannsyn 1/200 + klimapåslag og er avlagt på plankartet som H320_2.

Faresonene for flaum som elles er avlagt på plankartet er namna H320_1, og må sjåast på som aktsemdområde for flaum der det ved bygge- og anleggstiltak vert pålagd å gjere nærmere vurdering av flaumfaren. Desse er framkome på ulike vis:

- I Ottaelva på strekninga frå utlaupet av Ostri til Skamsarbrue og på strekninga frå Ofossen til Lom grense, er faresonene for flaum lagt inn på nivå eller noko over haustflaumen 2018 slik den går av flybilete teke 16. oktober 2018 og på nokon plassar supplert med oppmålingar i felt.
- Langs nedre delar av Skjøle og Ostre er flaumsonene lagt inn i samsvar med NVE sin «kriseplan» for tiltak etter haustflaumen 2018, og areal som på flybilete går fram som råka av flaumen da.
- Langs andre vassdrag elles (elvar og bekkar som er avlagt som flatar på kartet) er det i hovudsak lagt inn flaumsone 20 m inn frå kvar breidd da det oftast er ganske bratt langs elve- / bekkekantane. Der det er flatare terreng langs elvar og bekkar, er det lagt inn større flaumsone (opp mot 50 m).

6.3.3 Faresone skytebane (H360).

Det er lagt inn faresone skytebane på plankartet som omfattar arealbruksformålet for skytebanen i Nordberg.

6.3.4 Faresone høgspenningsanlegg (H370).

Det er lagt inn faresone høgspenningsanlegg langs dei store eksisterande kraftlinene (132 kv og 66 kv).

6.3.5 Områder med særlege omsyn (H510, H530, H550, H560, H570 og H580)

H510: Soner med særlege omsyn for landbruk. I planen avlagt i område der setermiljøet er dominante og med eldre sætermiljø som i stor grad er intakt. Omsynssoner er avlagt ved Botn seter, Lundadalsetra, Sota seter og Tundradalsetra.

H530: Omsynssone som omfattar område som er viktige for friluftsliv. Desse er vidareført frå gjeldande plan, og omfattar område i Aurdalen, Aursjoen med kulturstig, Bångråttjønn, Botn, Grotli mot Kjerringtjønnen, Hamsevika, Aualehaugen, Framruste, Ånstadøya langs Otta elv, Bismo langs Otta elv og Harsheimlia.

H550: Omsynssone der det skal visast særskilte omsyn til landskap er avsett på plankartet kring Geitryggen i Lundadalen. Geitryggen er store bresjøavsetningar med fleire høgder på deltaflatene (terrasser).

H560: Omsynssoner der det skal visast særskilte omsyn til naturmiljø er dels vidareført frå plan frå 2011. For å ha betre styring med m.a. nydyrkning i elvedeltaene er det lagt inn omsynssoner i Otta elv i området ved Marlo og ved Bråtvatn. Omsynssonene omfattar villreinsoner frå regional plan for Ottadalen, naturtypar med A-verdi frå naturbase, område med slåttemark, elvedelta ved Otta elv, vilttrekk ved Dønfoss camping (vilttrekk), område for bevaring av Skjåkfuru ved Aurmo, område for bevaring av bekken Fjuken ved Bismo, Nysetra (Veltfjellet – Raudberget) og område ved Bråtvatnet.

H570: Omsynssoner for bevaring av kulturmiljø. Område på Ramstadstrond, Bråtå, og Billingen er vidareført frå tidlegare plan. Etter oppmoding frå fylkeskommunen har kommunen lagt inn tilsvarande omsynssone i Bruheimsgrende og Reppen for å få samsvar med kulturlandskapsregistreringa frå 1993. Det er elles lagt inn 894 kulturminne i form av fangstgropar, kolgropar, tjuru-miler m.m. som er registrert lokalt som omsynssone H570 på plankartet.

H580: Omsynssoner som omfattar randsone til nasjonalt villreinområde henta frå regional plan for Ottadalen.

6.3.6 Bandlagte områder (PBL § 11-8 d)

H720: Omfattar område som er verna etter naturmangfaldlova: Breheimen nasjonalpark, Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen landskapsvernombord, Strynefjellet landskapsvernombord, Mysubytta landskapsvernombord, Risheimøya naturreservat, Einstullia naturreservat og Honnsrøve naturreservat.

H730: Omfattar 259 område som er verna etter kulturminnelova. Det omfattar automatisk freda kulturminne med sikringssoner, ti gardstun, tre kyrkjestedar og to veganlegg RV15 i Breiddalen og FV258 Gamle Strynefjellvegen.

7. ENDRINGAR AV PLANFØRESEGNENE.

Til kommuneplanen er det gjeve planføresegner og retningsliner i medhald av PBL § 11-9, § 11-10 og § 11-11. Planføresegner og retningsliner er utarbeidd som eiga plandokument.

Mellom anna på bakgrunn av arbeidet i dei arbeidsgruppene som har vore nedsett i samband med planarbeidet, innspel frå regionale og statlege aktørar (mellanom anna i planforum) og endringar som følgje av overordna lovverk og forskrifter, er det gjort ein del endringar av planføresegnene og retningsliner ved revisjon av planen. Det er også gjort ein del redaksjonelle endringar for å gjere klarare kva som er juridisk bindande føresegner og kva som er retningsliner og meir forklarande tekst.

I tillegg til at det er gjeve eigne føresegner og retningsliner til alle område med ny arealbruk, er dei viktigaste endringane av planføresegner og retningsliner følgjande:

1. Ei viktig endring i forhold til planen frå 2011, er at det er nedfelt at kommuneplanens arealdel skal gjelde framfor eldre planer, dvs. også i områder der det er godkjende reguleringsplanar. Det gjer ikkje at reguleringsplanar sluttar, men der kommuneplanens arealdel viser anna arealbruk, skal kommuneplanen vere førande ved revisjon av reguleringsplanen eller ved ny regulering. Derfor er kulepunkt 3 i generelle føresegner og retningsliner i 2011-planen som sa: «Tidlegare vedtekne reguleringsplanar gjeld framfor kommuneplan dersom anna ikkje er nemt» teke ut av planføresegnene.
2. Reglane om byggegrense mot vassdrag er vidareført frå 2011, med generelt 50 m grense og 100 m for verna vassdrag, men med ei endring for nedre del av Skjøle som er verna men har fått ei endring til 50 m grense, jf. pkt, 2.3 i planføresegnene.
3. Det er teke inn eit eige punkt om handtering av overvatn under dei generelle føresegner og retningsliner, jf. pkt, 2.4 i planføresegnene.
4. Punkt om energiforsyning, vassforsyning, avlaup og leidningar er flytta inn under dei generelle føresegner og retningsliner, jf. pkt, 2.5 og 2.6 i planføresegnene.
5. Punkt om bygging langs offentleg veg (byggegrenser og reglar om avkjørsler) er teke inn under dei generelle føresegner og retningsliner, jf. pkt, 2.7 i planføresegnene.
6. Det er teke inn eit eige punkt om universell utforming under dei generelle føresegner og retningsliner, jf. pkt, 2.8 i planføresegnene.
7. Reglar og plassering og utforming av bygning, materialbruk, fargar og gjerdehald rundt fritidsbustadar er flytta inn under dei generelle føresegner og retningsliner, jf. pkt, 2.12 i planføresegnene, da dei gjeld over heile kommunen.
8. Der teke inn eit punkt om solcellepanel på tak under dei generelle føresegner og retningsliner, jf. pkt, 2.12.3 c i planføresegnene.
9. Det er gjort endring i føresegnene når det gjeld areal og storleik for bustadbygnad og tomteutnytting, jf. pkt, 3.1 a og b i planføresegnene.
10. Det er gjort endring i føresegnene når det gjeld areal og storleik for fritidsbygnad og tomteutnytting, jf. pkt, 3.2 a, og b i planføresegnene.
11. Det er lagt inn eigne føresegner for låge bygg (spikertelt) på campingplasser jf. pkt, 3.6 a -h i planføresegnene.

12. Det er gjort endringar i føresegner når det gjeld areal og tomteutnytting i LNFR-område for bustadar, fritidsbustader og buer i høgfjellet, jf. planføresegnene pkt. 6.1.1 a-c.
13. Det er gjeve reglar for deling i LNFR-område i samband med strukturrasjonalisering i landbruket, jf. planføresegnene pkt. 6.1.3.
14. Det er gjort endringar i føresegner når det gjeld areal og storleik for skogshusvære, bygningar på setrer og tilsynsbuer i LNFR-område, jf. planføresegnene pkt. 6.1.4, pkt. 6.1.5 og pkt. 6.1.6.
15. Det er teke inn reglar om at det kan bli gjeve dispensasjon for oppføring av naust ved fjellvatn i LNFR-område innafor Skjåk allmenning. Naust kan bli bygd i strandsona for oppbevaring av båtar, garn, reiskapar og utstyr som er knytt til utrøving av fiske. Naust skal vere eigd og disponert av Skjåk allmenning eller evt. ein allmenn organisasjon som med formål å fremme fritidsfiske, t.d. jeger- og fiskeforeining, jf. planføresegnene pkt. 6.1.7.
16. Det er teke inn reglar for arealbruksføremålet LNFR for spreidd bustadbygnad og LNFR for spreidd fritidsbygnad, jf. planføresegnene pkt. 6.2 og 6.3. Desse arealbruksformåla var ikkje med i 2011-planen.
17. Det er teke inn reglar for sikringssone- område for grunnvassforsyning jf. planføresegnene pkt. 8.1.1
18. Det er teke inn reglar for faresoner for ras, skred og flaum som er i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK) og som gjeld faresoner som er avlagt på plankartet ved revisjonen, jf. planføresegnene pkt. 8.1.4 og 8.1.5.
19. Det er lagt inn planføresegner for skilt og reklame som del av kommuneplanens arealdel, jf. planføresegnene pkt. 9.1.
20. Retningsliner for saksbehandling og dispensasjonspraksis, er teke ut av planføresegnene (tidlegare kap. 7 i 2011 planen). Reglane hadde meir form av ei vegleiing og huskeliste for saksbehandlarane i kommunen, og høyrer ikkje heime i dette dokumentet. Dokumentet kan vere nyttig for kommunen, men vidareførast da i ei anna form og treng oppdatering.

8. VURDERING AV VERKNADANE AV PLANEN.

Planforslaget legg premisser for utvikling og utbygging av bustader og næringsverksemde slik at folketal og samfunn kan oppretthaldast på minst dagens nivå. Gjennomgående gang - og sykkelveg/sykkelstig gjer at planen gjev innbyggjarane gode føresetnader for fysisk aktivitet. Planen vil derfor kunne påverke folkehelsa til innbyggjarane i positiv retning.

8.1 Konsekvensutgreiing.

Etter plan- og bygningslova § 4-2 skal alle kommuneplanar med rammer for framtidig utbygging ha særskilt vurdering og omtale av planen sine verknader for miljø og samfunn. Det er såleis gjort ei konsekvensutgreiing (KU) som ein del av planarbeidet. KU omtaler verknadane for enkelte område og den samla verknaden for arealbruksendringane i planen. KU for kommuneplanens arealdel er utarbeidd som eit eiga plandokument, og ein viser til dette.

8.2 Analyse av risiko- og sårbarheit (ROS).

Plan- og bygningslova av 2008 seier at all planlegging skal fremje samfunnssikkerheit ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar m.v. Etter plan- og bygningslovas § 4-3 skal alle kommuneplanar med rammer for framtidig utbygging ha utført ei analyse av risiko- og sårbarheits for planområdet. Analysen skal vise alle forhold knytt til risiko- og sårbarheit som kan ha avgjerd for om arealet er eigna for utbygging, og ev. endring i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast i planen som omsynssone, med tilhøyrande føresegner om utbygging i sonen, mellom anna forbod som er nødvendig for å unngå skade eller tap.

Det er utarbeidd eigen ROS for kommuneplanens arealdel, og ein viser til dette dokumentet.